



Arkivnr: 2015/11975-13

Saksbehandlar: Tale Halsør

## Unnateke offentleggjering OFFL § 26, 2. ledd

### Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		16.02.2016

### Miljøprisen 2015

#### Samandrag

Hordaland fylkeskommune har sidan 1992 delt ut ein miljøpris. Prisen vert delt ut for føregåande år. Frå statuttane for miljøprisen heiter det «*Prisen skal vere til heider og stimulans for enkeltpersoner, lag og organisasjonar, bedrifter m.v. som har utmerka seg innanfor miljøvernarbeidet.*» Miljøprisen er ein gåvesjekk på kr 50.000,-.

Det er kome inn forslag til 10 kandidatar til miljøprisen for 2015. Eit eige arbeidsutval har gått gjennom kandidatlista og fremjar forslag til utvalet om kven som skal få prisen for 2015.

#### Forslag til vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling tildeler Hordaland fylkeskommune sin miljøpris for 2015 til  
...

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

#### Vedlegg

- 1 Nominerte til miljøprisen 2015
- 2 Statuttar for miljøprisen
- 3 Liste tidlegare vinnarar

## **Fylkesrådmannen, 27.01.2016**

Arbeidsutval for miljøprisen 2015 har vore:

- Beate Husa
- Kjell Gitton Håland
- Gunnar Bakke

Det er invitert til å komme med grunngjevne nominasjonar for prisvinnarar gjennom regionavisa Bergens Tidende, Fylkeskommunen sine heimesider, sosiale media og i e-post til interesseorganisasjonar og miljøkontaktar i alle kommunane i fylket.

Det er kome inn forslag om 10 kandidatar til miljøprisen for 2015.

### **Vinnar av miljøprisen for Hordaland 2015:**

Arbeidsutvalet har vurdert kandidatane og kjem med tilråding til utval for kultur, idrett og regional utvikling. Prisutdelinga er tenkt på Fylkestinget i mars.